

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Ingvild Ytterdal

ingvild.ytterdal@Statnett.no
Vår ref: 2023/2910-22
Deres ref:

Kommentarar til høyringsinnspel - Endringssøknad til konsesjon - 420 kV kraftleidning Sima–Samnanger

Statnett har fått oversendt innkomne høyringsinnspel frå NVE. Statnett har gått gjennom alle innspela vi har mottatt. Under er kommentarar til innspel der Statnett har noko å tilføye.

Høyringspartar	Statnett sine kommentarar
Ulvik herad	Statnett har oppretta eit varslingsystem der Statens naturoppsyn blir varsla ved observasjon av rein innanfor ei sone på to km på kvar side av traseen, iht. anleggskonsesjon 202212629-13, datert 20.12.2024. Ved observasjon av villrein så nært anleggsområdet at den kan bli forstyrra, skal støyande arbeid som helikopterflyging, sprenging, pigging og liknande., bli stansa til reinen har bevega seg ut av området. Det skal ikkje nyttast vanlege anleggsmaskiner innanfor traseane for terrengtransport, men klatremaskiner som er skånsame for terrenget. Dersom det oppstår terrengskadar skalane rettast opp i og området skal setjast i stand iht. NVE sin rettleiar for terrengbehandling ved bygging av vassdrags- og energianlegg (2/2021). Avtale for bruk av Osafjellsvegen er avklart. Statnett syner til våre kommentarar til høyringsinnspel til konsesjonssøknad for oppføring av monomaster ved Langvatnet, i brev datert 30.08.2024. Der skriv vi at det vil vere naudsynt for å stenge Osafjellvegen i korte periodar i forbindelse med linestrekking, og at det

	vil kunne bli naudsynt å avgrense allmenn ferdsel i korte periodar i forbindelse med tyngre transport. Vegen opp til Langvatnet vil elles vere open for allmenn ferdsel i anleggsperioden.
Statsforvaltaren i Vestland	Relevante offentlege kartdatabasar har blitt gått gjennom. Statnett har dialog med både Villreinnemnda og Statens naturoppsyn.
Vestland fylkeskommune	Statnett har oppretta dialog med Vestland fylkeskommune om kulturminneundersøkingar. Ved behov for registreringar i felt vil dette bli gjennomført på seinsommaren/hausten 2025.
Statskog	Statnett har oppretta eit varslingsystem der Statens naturoppsyn blir varsla ved observasjon av rein innanfor ei sone på to km på kvar side av traseen, iht. anleggskonsesjon 202212629-13, datert 20.12.2024. Ved observasjon av villrein så nært anleggsområdet at den kan bli forstyrra, skal støyande arbeid som helikopterflyging, sprenging, pigging og liknande., bli stansa til reinen har bevega seg ut av området. Dersom det oppstår terrengskadar skadane rettast opp i og området skal setjast i stand iht. NVE sin rettleiar for terrengbehandling ved bygging av vassdrags- og energianlegg (2/2021). Statnett vil ivareta omsynet til beitedyr ved å gjerde inn områder som beitedyr må holde seg unna.

Med venleg helsing
Håvard Bertling

Prosjektleder